

Referat foreldremøte 4. september

04.09.2024, 17:30-18:30

Antal elevar representert: 17

1. Mitt val-aktivitet.

- Telja til 10

2. Klassemiljø og rutinar

- Rutinene er mykje dei same som før.
- Klassemiljøet er godt. Elevane er gode læringsvenar og dei hjelper kvarandre med ting og oppgåver. Dei treng ei påminning om å halde arbeidsro innimellom.
- Elevane har det fint på skulen og alle har nokon å vere med. I oppstarten har vi jobba med problemløysing og med at dei skal øve på å løyse konflikter på eiga hand. Vi kan seie: "de har dette problemet, kva kan de gjere for å løyse det?", og så kan elevane kome med forslag til løysingar, og gjennomfører det.
- Vi har uteskule kvar måndag der vi til no har prioritert leik. Elevane kosar seg ute og alle har noko å halde på med. Dette er noko vi ynskjer å prioritere fortsatt.
- Skulereglar - nytt ord for "ordensreglement". Desse blir sendt til dykk i vigilo. Gå gjennom dei med barnet dykkar.
- Henriette, Kristine og Tora er med klassen i alle timar, Svein har alle sine undervisningstimar i vår klasse, og er med oss 9 timer i veka (omtrent halvparten av timane).

3. Læringsplanen

- På læringsplanen står det kva vi held på med på skulen, kva elevane har i lekse og beskjedar til heimen. Vi held fram med leselekse. Elevane har fått med seg heim Salto 3a lesebok. Denne inneheld mykje meir tekst enn på 2. steg, noko som kan verke skremmande for fleire. Vi vil tilpasse kor mykje kvar elev skal lese heime. Elevane vil i neste veke få leselekse i naturfag som handlar om vår og vind. Snakk gjerne om ulike omgrep og versymbol saman med barnet dykkar. Det aller viktigaste er at ein les, ikkje kva ein les. Elevane vil både få leselekse i lesemappe og i lesebok.

4. Skule/heim-samarbeid

- Vi gjekk gjennom våre forventningar til kvarandre.

Føresette sine forventningar til skulen:

- Føle seg trygg
- Bli sett og høyrd
- Lavterskel for kommunikasjon begge vegar
- Fagleg stimulert
- Positive og negative tilbakemeldingar
- Elevar med behov for tiltak blir følgt opp
- Ser elevane sine kjensler
- Tid til å ete maten sin
- Oversikt over barn som mangler
- Stabilitet og eit godt læringsmiljø
- Skulen tek kontakt med føresette dersom eleven sin åtferd endrast.

Skulen sine forventningar til heimen:

- Meldinger i vigilo før 08:00
- At de les læringsplanen
- Gjer lekser saman med barnet dykkar
- Framsnakke skulen/lærare og medelevar
- Informerer oss om hendingar som kan påverke barnet
- Ta kontakt tidleg, så ting ikkje får vekse seg stort
- Hjelper barna med å stille presis på skulen
- At de er engasjert i barnet dykkar sin kvardag

5. Val av klassekontakt

- Mona Rabben er foreldrerepresentant
- Lena Toft Espeseth er vara
- Dei vil prøve å få til ein sosial kveld før november
- Lærarane kan høra med elevane om kva dei har lyst til å gjera saman

6. Eventuelt

- Kast ballen er eit prosjekt/konkurransje i regi av Norges håndballforbund som skal gå føre seg i veke 37-39. Formålet er å fremje idretts glede og håndball i skulen.

- Det er ein bussjåfør som har kjefta på elevane, om morgonen. Nokre sjåførar køyrer også for fort. Dette skal vi ta med Skyss. Elevane skal ha det trygt og godt på skulebussen.
- Vi skal levera ut oppdatert klasseliste.
- Tur på torsdag: Vi går til Telavåg.
- I september har skulen ein språkkampanje med fokus på å ha eit positivt språk. Vi jobbar for at elevane skal få eit ordforråd som inneheld fleire positive ord.
- Vi snakka om meldingar på Vigilo og presiserte kor viktig det er at meldingar kjem inn før kl. 8. Ellers må ein ringe direkte til skulen.
- Kontaktgruppene blei presentert.

Henriette Nordtveit	Kristine Turøy
Amalie	Anne Sofie
Casper	Astrid
Dennis	Astrid Marie
Ema	Damien
Evaldina	Einar
Lotte	Kenan
Jonathan	Mathilde
Julian	Providence
Maxim	Syver
Oliver	Sebastian
Oskar	Theodor
Sander	Tiana
Tilde Sophie	Tyr
Vilja	

- Bursdagar: Skal ein gje ein 50-lapp eller skal foreldra sjølv kjøpe gåve til sitt barn frå klassen? Ein blei til slutt einige om at ein gjev ein 50-lapp eller gåve på rundt 50 kr, likt som tidlegare.

Helsing, Kristine, Henriette og Svein.